



Magne Huglen (bak) og Jostein Grov (foran) takkar for seg og dermed vert det ingen frå Ap i kommunestyret frå Uskedalen

Kvinnerad Arbeidarparti har halde nominasjonsmøte og peika ut Johnny Håvik frå Husnes som ordførarkandidat. Lista med 35 namn inneheld 13 husnesingar og 10 frå Sunde medan dei øvrige bygdene er lite representert.

Det er til dømes ingen frå Uskedalen og heller ingen frå Herøysund medan ein finn 1 frå Sæbøvik, 1 frå Ølve, 1 frå Rosendal og 1 frå Seimsfoss. Men det er 6 frå Valen og 2 frå Dimmelsvik.

I det sittande kommunestyre er det 2 uskedelingar frå Arbeidarpartiet - Jostein Grov og Magne Huglen - og tilsaman 5 frå vår bygd. Også dei 3 øvrige uskedelingar har takka for seg og det som førebels har skjedd på nominasjonsfronten lovar ikkje godt med tanke på representasjonen i dei neste 4 åra frå Uskedalen. Venstre har nominert 2 frå vår bygd, men dei er på niande og sisteplassen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen